



## Notat

Dato: 27.10.2014  
Arkivsak: 2014/12771-2  
Saksbehandlar: bjomidt

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Trafikk og inntekter på Hardangerbrua - svar på spørsmål

Tom Skauge (SV) stilte følgjande spørsmål i møte i samferdselsutvalet 20.8.2014:

«Fleire aviser har dei siste dagene meldt om trafikksvikt på Hardangerbrua i forhold til prognosane som var lagt til grunn. Styreleiar i bompengeselskapet Hardangerbrua AS, Einar Lutro, er i Aftenposten nett 8.8.14 sitert på at «trafikken året sett under eitt vil hamna på noko over 80 prosent av omfanget som blei knytt til Stortingets vedtak. - Kanskje noko over 83 prosent».

Øyvind Halleraker (H), som var saksordfører for Hardangerbrua på Stortinget, seier til Aftenposten at lågare trafikk kan tvinga fram auka bompengesatsar eller forlenga nedbetalingstid. «- Trafikken er avgjørende for økonomien. Bompengesatser kan økes med inntil 20 prosent. Er heller ikke det nok må man se på andre tiltak, som å omstrukturere hele läneporteføljen», seier Halleraker til avisa.

1. Kva følgjer kan trafikktala få for brukarne av brua i form av auka bompengar eller lengre nedbetalingstid?
2. Kva tiltak er aktuelle for endra finansiering?
3. Har sviktande trafikk følgjer for HfKs garantiar til prosjektet?
4. Vil SAMU få eiga sak med oppdatert informasjon og forslag til vidare tiltak?»

#### Fylkesrådmannen sitt svar

Statens vegvesen har sett på trafikk- og inntektsutviklinga for Hardangerbrua frå oppstarten i 2013 tom. september 2014. Både trafikknivået og gjennomsnittleg passeringsinntekt er lågare enn føreset i St. prp. nr. 2 (2005- 2006):

| Faktor                         | St. prp. nr. 2 (2005- 2006) | Realisert | Avvik  |
|--------------------------------|-----------------------------|-----------|--------|
| Trafikknivå (ÅDT)              | 2020 <sup>1</sup>           | 1634      | -18,4% |
| Gj. inntekt per passering, kr: | 177,13                      | 150,90    | -14,8% |

Som hovudregel skal maksimal innkrevingstid i ein bomstasjon vera 15 år. For Hardangerbrua er det føreset 15 år med etterskottsinnkreving. Om økonomien i prosjektet vert svakare enn rekna med, kan

---

<sup>1</sup> I Stortingsproposisjonen er det lagt til 2000 ÅDT ved årsskiftet 2011/2012. 1 % vekst gjev 2020 ÅDT i 2013

bompengeselskapet etter avtale med Vegdirektoratet auka takstane med inntil 20 pst. ut over prisstigninga og/eller forlenga innkrevingsperioden med inntil 5 år<sup>2</sup>.

Innkrevinga er enno i ein tidleg fase, slik at det må avventast kva trafikknivå som skal leggjast til grunn i prognoseberekningane. Berekningar frå Statens vegvesen syner at legg ein eit 2014 trafikknivå(1790 ÅDT tom. september) til grunn for heile perioden, vert nedbetalingstida omlag 16 år. Men legg ein ÅDT talet for dei 12 første månadane brua var i drift til grunn, vert nedbetalingstida 18 år (når føresetnadane elles er like). Det er store sesongvariasjonar i trafikknivået. Det er også svært uvisst kva utviklinga framover vil bli for trafikkvekst, rente, prisstiging og fordeling av køyretøy på takstgrupper.

Takstane på Hardangerbrua er høge samanlikna med mange andre prosjekt. Ein takstauke utover den generelle prisstigninga vil kunna gje trafikkavvisning og reduserte inntekter. Dette er eit argument for i første omgang å forlenga innkrevingsperioden heller enn å auka takstane.

Fylkestinget vedtok den 15.10.2012, sak 59/12, å oppjustera garantisummen for Hardangerbrua til 1750 mill. kr. Fylkeskommunen har garantert for lån i Kommunalbanken på 1 600 mill. kr. Sidan banken krev eit tillegg på 10% av lånesummen til å dekke eventuelle påløpte renter og andre kostnader, er den vedtekne garantiramma fylt opp. Det er først når ein har konstatert at det ikkje er tilstrekkeleg å forlenga bompengeneinnkrevinga og/eller auka takstane, at det kan bli aktuelt at fylkeskommunen må innfri delar av beløpet ein har garantert for. Ut frå den informasjonen fylkesrådmannen har fått til no, vurderer han ikkje risikoen som særleg stor for at fylkeskommunen må innfri garantiansvaret sitt.

Fylkesrådmannen vil halda dei politiske organa i fylkeskommunen orienterte om trafikk- og inntektsutviklinga for Hardangerbrua. Om trafikkgrunnlaget ikkje betrar seg, må bompengeselskapet vurdere å auka takstane eller forlenga innkrevingsperioden. Fylkesrådmannen vil då leggja fram søknaden frå bompengeselskapet for samferdselsutvalet og fylkeutvalet for fylkespolitisk uttale.

---

<sup>2</sup> Sjå 2.3.4 i Håndbok V718 Bompengeprojekter.